

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	Onsdag 11. november 2015	Kl.19.30
Sak frå : 66 / 2015 Sak til: 72 / 2015		<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus
Frammøtte: 6 av 7 medlemmer, 1 vara		

Til stades

Medlemer: Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Ivar Eidsaa, Kjell Berland, Nina Osberg Fauskanger, Astrid Marie Haugland ,Reidun Håpoldøy. Varamedlem: Anny Vassliås Bekkenes.
Meldte forfall: Solfrid Kongshavn Aase.
Administrasjonen: Geir Viksund og Håkon Andersen

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....	
.....
.....	
.....
.....	

Sak nr./år:**66/2015 : Møteprotokoll frå møte 14 oktober 2015:**

Den vart godkjent med nokre merknader.

Det skal vere sak frå 63 til 65

Gudstenesta 01.11 var ved Peter Johansen

67/2015: Meldingar:**Brev frå KIA** (Kristent interkulturelt arbeid) om informasjonsmøte 16 nov.kl.19.30 i

Misjonskirken Holmedalen 30 A ,Kleppestø.

Korleis møter vi innvandrarar og flyktningar i vårt nærmiljø og korleis kan vi inkludera dei i våre samanhenger?

Kurs 2 i kursopplæring for rådsmedlemar :

Det er både for faste og varamedlemer.

Møte i Foldnes kyrkje i Fjell. Vesthordland prosti. **Torsdag 3 desember kl.17.30-21.30**

Dette er for alle 4 fellesrådsområda i Vesthordland prosti og får meir fokus på arbeidet i det enkelte sokneråd.

NB. Det er påmelding til denne kvelden. Send ei melding til Kjellaug (41515451) dersom du ynskjer å vere med, innan 27/11.Vi ordner med felles transport.

68/2015 :Gudstenesteliste:

25.10: kl.11.00:Hovedgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland .Dåp. Offer: Eige arbeid.

01.11: kl.18.00:Hovedgudsteneste v/ Peter Johansen .Allehelgenssøndag. Nattverd .
Offer: Diakonalt arbeid.

15.11:kl.11.00:Hovedgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp og nattverd.
Offer: Stefanusalliansen.

29.11:kl.11.00:Familiegudstenestev/Astrid Marie Haugland .Lys våken
.Herdla barnekor. Dåp. Offer: Eige arbeid.

69/2015:Status Herdla Kyrkjelydshus:

Kyrkjelydshuset er i dårleg forfatning og difor vart det diskutert vidare om framtida for huset og andre løysingar.

Kommunen eig huset, fellesrådet betalar leige .

Huset treng store utbetringar.

Vi har foreslått for velforeninga Fredly (tidlegare Søre Herdla krins) om dei kan yte tilskudd i forbindelse med at foreningas eigeidom og det gamle skulehuset er seldt.

Det er teikna kyrkjelydshus ved kyrkja ,men dette er kostbart og ikkje gjennomførbart på mange år.

Det vert bygd nytt Herdla museum på Herdla fort, med lokaler som kan nyttast i ulike samanhenger.

Dei ynskjer samarbeid med kyrkja.

Det kom fram forslag om å ordne bak i kyrkja. Erstatte benker med stoler for å nytta plassen under galleriet betre ved kyrkjekaffi, formiddagstreff , barne og ungdomsarbeid o.a, Då blir det betre plass til bord. Evt ha foldevegger.

Dåpsakrestiet og prestesakrestiet kan ordnast for å utnytta romma betre.

Fauskanger bedehus ligg sentralt i soknet og kan leigast .

Det var mange meininger og mange innspel.

Det er viktig at vi har ein plan og mål for vidare drift, både kortsiktig og langsiktig.

Kva går vi inn for og vil satse på? Kan vi tenkja nytt med tanke på kor befolkningen bur i soknet?

Neste møte har vi i kyrkja .Då er Håkon Andersen med.

70/2015: Valg av nytt bispedømeråd.

Det var valg av dei tre resterande leke kandidatane til bispedømerådet.

Kvar røystefør medlem av soknerådet fylte ut sin røystesetel, som vart lagt i separat konvolutt og i omslagskonvolutt. Vert sendt til valrådet i Bjørgvin bispedøme.

71/2015: Gudstenesteteam.

Det er ynskjeleg å få igang gudstenesteteam i kyrkja.

Klokkaren vår ,Rune Øystese, har permisjon 1 år og vi overtek oppgåvene hans.

3-4 personer i kvart team, med ein teamledar. Dei er med å planlegg gudstenesta.

Oppgåvene er:

Ynskje velkomen, Power Point ,ministrantarbeid,

informasjon om gudstenesta , samlingsbøn .tekstlesing, kunngjeringer, dåpsvert, barnepass

bak i kyrkja, kyrkjekaffi, oppteljing av offerpenger, rydding.

Her må vi trekkja fleire personer inn og prøve å få aldersvariasjon.

72/2015:Evt.

Neste møte vert onsdag 2 desember 2015 i kyrkja kl 18,30.

Søre Herdla 13/11 2015

Reidun Håpoldøy.

referent (sign)